

BÁBS TALE TIL DEN LEVANDE SINE BOKSTAVAR

O, elska vennene mine! De er berarar av Guds namn på denne Dag. De er blitt utvalde til å vere gjøymestad for mysteriet hans. Det sømmer seg for kvar og ein av dykk å leggje for dagen Guds eigenskapar, og i gjerningar og ord vere døme på kor rettskaffen han er, på krafta hans og herlegdomen. Sjølve lemane dykkar må vitne om den opphøgde hensikta dykkar, integriteten i liva dykkar, røyndomen i trua dykkar og den opphøgde karakteren overgjevinga dykkar har.

For sanneleg seier eg, dette er Dagen Gud talar om i boka si: «På den dagen vil vi setje segl på munnane dykkar, men likevel skal hendene dykkar tale til oss og føtene dykkar skal vitne om det dei vil ha gjort.» Reflekter over orda Jesus talte til disiplane sine, då han sendte dei ut for å spreie Guds Sak. Med ord som desse, befallte han dei å reise seg og oppfylle misjonen sin:

«De er som elden som i den mørke natta er tent på fjelltoppen. La ljuset dykkar skine andsynes menneska. Såleis må reinleiken i karakteren dykkar vere, og graden av forsakinga dykkar, at folk på jorda gjennom dykk kjenner att, og blir dragne nærmare den himmelske Far som er kjelda til reinleik og nåde. For ingen har sett Faderen som er i himmelen. De som er dei åndelege borna hans, må gjennom gjerningane dykkar vere døme på dydane hans og bere vitne om herlegdomen hans.

De er jordas salt, men viss saltet har mista smaken sin, med kva skal det så saltast? Såleis må graden av lausrivinga dykkar vere, at inn i same kva for by de måtte kome for å proklamere og undervise Guds Sak, skulle de på ingen måte vente verken kjøt eller løn frå menneska der. Nei, når de reiser ut frå denne byen, skulle de riste støvet frå føtene dykkar. På same måte som de er komne inn i han rein og utan smuss, såleis må de og reise frå han. For sanneleg seier eg, den himmelske Far er alltid med dykk og vaktar over dykk. Om de er trufaste mot ham, vil Han utan tvil skjenke i hendene dykkar alle skattane på jorda og Han vil heve dykk opp over alle herskarar og kongar i verda.»

O Bokstavane mine! Sanneleg seier eg, uendeleg oppheva er denne Dagen over dagane til apostlane i tidlegare tider. Nei, umåteleg er forskjellen! De er vitne til daggryet av Guds lova Dag. De er deltagarar i den mystiske kalken som openberringa hans er. Førebu møda dykkar og gi akt på Gudsorda slik dei er openberra i boka hans: «Sjå, Herren Gud dykkar er kommen, og med han er kompaniet til englane hans oppstilte framfor han!» Reins hjarta dykkar frå verdsleg begjær, og la engledydar vere pryden dykkar. Strev etter at gjerningane dykkar må vitne om sannleiken i desse Guds-orda, og ta dykk i vare så Han ikkje, om de «vender dykk om», må «bytte dykk ut med eit anna folk» som «ikkje skal vere som de» og skal ta frå dykk Guds rike. Dagane då tom tilbeding blei rekna som nok, er over. Tida er kommen då ikkje noko anna enn det reinaste motivet, støtta av gjerningar i pløtfri reinleik, kan

stige opp til den aller høgaste Trone og bli godkjende av han. «Det gode ordet stig opp til han, og den rettsindige gjerninga vil gjere det oppheva framfor han.»

De er dei lågaste som Gud har talt slik om, i boka si: «Og vi ynskjer å synne godhug mot dei som blei audmjuka i landet, og å gjere dei til åndelege leiarar blant menneska, og å gjere dei til arvingane våre.» De er blitt kalla til denne stillinga; - de vil oppnå ho berre viss de reiser dykk for å tråkke ned alt verdsleg begjær under føtene dykkar og strever etter å bli «dei æra tenarane hans som ikkje taler før han har talt og som handlar etter boda hans.» De er dei første Bokstavane som er blitt genererte frå Det Første Punktet, dei første kjeldene som har strøyma ut frå denne kjelda av openberring. Bønnfall Herren Gud dykkar om å gje at ingen forviklingar på jorda, ingen verdsleg lengt, ingen flyktige syslar, må smusse til reinleiken eller forsure søtleiken av den nåden som strøymer gjennom dykk.

Eg førebur dykk på ein mektig Dag som skal komme. Strev til dykkar ytste slik at eg, som no vegleiar dykk, skal kunne fryde meg i den komande verda framfor Guds barmhjertige sete, over gjerningane dykkar og herleggjera av resultata dykkar.

Løyndomen om Dagen som skal komme, er skjult no. Han kan verken røpast eller reknast ut. Eit nyfødt barn vil den Dagen overgå dei visaste og mest ærverdige av menneska i dag, og i denne tidsalderen skal dei lågaste og mest ularde overgå forståinga til dei mest lærde og talentfulle geistlege av i dag.

Sprei dykk både vidt og breitt over dette landet og førebu vegen for han som kjem, med stødige føter og heilaggjorde hjarte. Ikkje bry dykk om veikleikane og vanmakta dykkar. Fest blikket på den uovervinnelege krafta til Herren, dykkar Gud. Har han ikkje i fortida gjort det slik at Abraham, trass i den tilsynelatande hjelpeløysa si, sigra over styrkane til Nimrod? Har Han ikkje gjort Moses, som berre hadde staven sin som følgjesvenn, i stand til å vinne over Farao og hærskarane hans? Har Han ikkje sanna overmakta til Jesus, fattig og liten som han var i menneska sine auge, over dei samla kreftene til det jødiske folket? Har han ikkje utsett dei barbariske og militante stammene i Arabia til å underkaste seg den heilage og forvandlande disiplinen til Muhammed, profeten hans? Stå opp i namnet hans, set liten dykkar fullt og heilt til han og ver fullvisse om endeleg siger!»ⁱ

ⁱ Frå *The Dawn-Breakers*, s. 92–94. Også i Ruhibok 4, del 11.